

Byglandsnytt nr.30 –februar 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 1. mars 2022 - Send tips om arrangement til innan 24.02. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **Publikumsmottaket:** måndag – fredag 10.00 – 14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00–14.00

Legkontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Byglandsfjord legekantor

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

| | Bygland | Byglandsfjord |
|---------|---------------|---------------|
| måndag | 09.00 – 15.00 | |
| tysdag | 09.00 – 15.00 | |
| onsdag | Stengt | 09.00 – 15.00 |
| torsdag | 09.00 – 15.00 | |
| fredag | Stengt | 09.00 – 15.00 |

Folkebiblioteket i Bygland

| | Bygland | Byglandsfjord |
|---------|---------------|---------------|
| måndag | 11.30 – 15.00 | 16.30 – 19.00 |
| tysdag | 16.00 – 18.00 | 10.00 – 14.15 |
| torsdag | 13.00 – 17.00 | |

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 01.02 kl. 12.00
- **Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel:** 01.02 kl. 12.00
- **Formannskapet:** 01.02 kl. 13.00
- **Kommunestyret:** 09.02. kl. 13.00
- **Levekårsutvalet:** 14.02. kl. 18.30

Nytt om namn i kommunen

- **Andreas Hammervold Isaksen** er ny hørselskontakt i Bygland kommune. Han er og synskontakt. Tlf. 922 01 872.
- **Kim Andre Nomeland Thorstensen** er ny leiar av Bygland Ungdomsklubb.
- **Thea Usken McScane** er tilsett i ei 70 % vikarstilling som reinhaldar t o m 31.12.2022.

Kunngjeringar

- **Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan RV9 - Storestraumen**
Med heimel i plan- og bygningslova sin § 12-8 blir det varsla at Statens vegvesen startar arbeid med detaljregulering for RV9 Storestraumen, kurveutbetring.

Planen vil bli utarbeidd i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 12-3 og 3-7. Planen har Planid 202104.

- **Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan RV9 - Neset**

Med heimel i plan- og bygningslova sin § 12-8 blir det varsla at Statens vegvesen startar arbeid med detaljregulering for Rv9 Neset – kurveutbetring.

Planen vil bli utarbeidd i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 12-3 og 3-7. Planen har Planid 202104.

- **Varsling om reguleringsendring for Neset camping planid 201903**

I samsvar med Plan- og bygningsloven §12 - 14 blir det meldt om oppstart av reguleringsendring for Detaljreguleringsplan for Neset Camping, planID 201903.

Eventuelle synspunkt, merknader, opplysningar m.v. av interesse for planarbeidet blir sendt skriftleg til cbol@cowi.no med kopi til post@bygland.kommune.no innan **måndag 21.02.22**

Dokument i sakene finn du på kommunen si heimesida under Kunngjeringar.

Ledige stillingar

2. gongs utlysning: Miljøterapeut/miljøarbeidar

Det er ledig eit 100% vikariat som miljøterapeut/miljøarbeidar i Bygland kommune, Helse med oppstart 28.02.2022.

Søknadsfrist: 11.02.22

- Målretta miljøarbeid
- Planlegging og tilrettelegging av aktivitetar for bebuarane
- Samarbeid med andre tenester

For informasjon ta kontakt med:

→ Tenesteleiar Helse **Kjersti Plathe**, tlf. **952 15 572**



Ferie-/sommarvikarar pleie og omsorg

Bygland kommune har behov for ferievikarar til eining for Pleie og Omsorg sommaren 2022. Kjerneperioden er 20.6.22 - 14.8.22, men det vil vere mogleg å starte tidlegare for nokon, samt arbeide lenger for andre. Stillingsstorleiken vil vere varierende ut frå våre behov, men for dei aller fleste vil den ligge mellom 60-100 %.

Søknadsfrist: 28.02.2022

Vi søker flinke og pliktoppfyllande sommarvikarar til Byglandsheimen (sjukeheim), open omsorg (heimebaserte tenestar)/habilitering, samt innan kjøkken og heimehjelp (praktisk bistand).

For informasjon ta kontakt med:

→ Fagsjukepleiar **Marthe Homme** på e-post:
marthe.homme@bygland.kommune.no

Vi ber sjuke-/vernepleiar-/legestudentar som er ferdige med studiane tidlegare enn kjerneperioden om å ta direkte kontakt med oss.

Finn stillingsannonser på kommunen si heimeside under Ledige stillingar.

KORONA

Oppdatert status på smittesituasjonen i Bygland

Vi oppdaterer fortløpande informasjon om smittesituasjonen i Bygland på kommunen si heimeside: **bygland.kommune.no**.



Regjeringen.no informerer: Regjeringa fjernar svært mange

koronatiltak - Pressemelding frå **01.02.2022**

Folk blir mindre sjuke av den virusvarianten som no herjar, og vaksinen gir oss godt vern. Derfor fjernar regjeringa svært mange av koronatiltaka.

Endringane gjeld frå klokka 23.00 tysdag 1. Februar

Sjå s.

FHI informerer: Nye råd om sjølvtest for covid-19

- Oppdatert 31. januar 2022

Prøvetaking

Det er sannsynleg at prøvetaking med kombinert svelg-naseprøve til antigen-hurtigtestar vil fange opp nokre fleire smitta personar enn prøve frå kun nase. Dette gjeld særleg dei første dagane ein har symptom.

Dei fleste tilgjengelege antigen-hurtigtestar er tiltenkt analyse av prøvemateriale frå bakre- eller framre naseprøve, men det ser ut til at desse fungerer godt også for kombinert prøve frå svelg og nase.

-Spesielt vaksne personar med symptom kan difor ta prøve både frå svelg og nase når dei gjer sjølvtestar, seier lege Joakim Øverbø i Folkehelseinstituttet.


Ta prøva først frå svelget/halsen og deretter frå nasen slik at det er størst moglegheit for å fange opp smitte. Du bør ikkje ta prøve kun frå svelget/halsen.

Ei naseprøve aleine vil framleis fange opp dei fleste smitta, så personar som tykkjer det er ubehageleg/vanskeleg å ta test frå svelget/halsen kan teste seg på vanleg måte i nasen. For barn er det tilrådd å ta testen frå nasen.

Prøvetaking frå svelg/hals bør gjerast om morgonen før inntak av mat og drikke, for å unngå at testen blir falskt positiv. Nokre mat- og drikkevarer er vist å kunne påverke testresultatet.



x4 per side



x5 per side

Tilrådingar om testing

Om du får eit negativt resultat ved sjølvtesten og har nye symptom, er det tilrådd å ta ein ny test 2-3 dagar seinare. Er symptomata lette, treng ein ikkje halde seg heime i tida mellom den første og andre testen. Dei som er husstandsmedlemmer eller tilsvarande nære til ein smitta person bør halde seg heime mellom den første og andre sjølvtesten dersom dei har symptom.

Auka kunnskapsgrunnlag

Nokre opplever tidleg i sjukdomsforløpet å få positiv sjølvtest når dei tester både i svelg og nase, medan testen er negativ når dei tar prøven kun frå nasen. Desse observasjonane får no også støtte frå studie som viser at prøvetaking med kombinert svelg-naseprøve til antigen-hurtigtestar sannsynlegvis vil fange opp nokre fleire smitta personar enn prøve frå nasen åleine. Dette gjeld særleg dei første dagane ein har symptom.

Sjå den oppdaterte nettsida: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/> - Antigen-hurtigtestar

Hurtigtestar for sjølvtesting

Du kan få gratis hurtigtestar for sjølvtesting på legekantoret, kommunehuset eller ved å ringe heimesjukepleien.



Kriterium for å få utlevert testar er:

- Personar med symptom
- Test ved kjent eksponering
- Test i staden for karantene av husstandsmedlemer/tilsvarande nære
- Andre nærkontaktar
- Annan screening etter smittevernfagleg vurdering
- Test av personar som utfører kritiske samfunnsfunksjonar (inkluderte helsepersonell)
- Jamnleg testing

Oppfølging etter sjølvtesting

Bekreftande PCR-test blir ikkje tilrådd til følgjande personar:

- Personar som har fått tredje vaksinedose

- Personar som har motteke to dosar koronavaksine og deretter gjennomgått covid-19 i løpet av dei siste 3 månadene.

For denne gruppa vil ein PCR test ikkje ha noka verdi for status i koronasertifikatet, fordi dei allereie er å rekne som fullvaksinerte.

Bygland kommune har Fiks smittesporingssystem og på heimesida kan ein registrere positiv sjølvtest og om ein har vore nærkontakt med smitta person.

Vaksinering mot Covid 19

Antall vaksinerte

I Bygland kommune har 913 personar over 18 år fått ei dose vaksine, av dei har 865 fått dose 2 og 685 fått 3. dose. Det er planlagt ny vaksinering 15.2. og vi har ledige timer.



Vaksine for born

Det er nå mogleg å få vaksine til born mellom 5 og 11 år og få 2. dose til dei over 12 år. Ta kontakt på tlf. 952 15 572. Meir informasjon om barnevaksinesjon finn ein på www.fhi.no sine nettsider. Ta kontakt på tlf. 952 15 572.

4. dose med vaksine

Personar som grunna sjukdom eller bruk av immundempande behandling har alvorleg svekket immunforsvar har dårlegare respons på vaksinar samanlikna med friske personar.

Kva grupper er det som får tilbod om fire dosar og kva dokumentasjon må presenterast ved vaksinasjon?

Tilbodet om ein 4. dose gjeld alle som tidlegare er tilrådd tre dosar i grunnvaksinasjonen. Det vil dermed gjelde alle i gruppe 1 nedanfor og nokre i gruppe 2.

Gruppe 1: Organtransplanterte

- Beinmargstransplanterte dei siste 2 åra
- Alvorleg og moderat medfødd immunsvikt
- Alvorleg nyresvikt (stadium 5) eller i aktiv dialyse

- Avansert eller ubehandla hiv-infeksjon
- Alle som har ein diagnose i som er nemnd i lista for gruppe 1 må vise dokumentasjon på dette, anten i form av vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta, kopi av journalnotat eller annan tilsvarende skriftleg dokumentasjon.

Gruppe 2

- Pasientar med pågåande rikeleg immundempande behandling av anna årsak.
- Pasientar som bruker immundempande medisinar som står på lista frå dei fagmedisinske miljøa, kan kontakte kommunen direkte. Det må kunne bli vist fram dokumentasjon på medisinbruk i form av vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta, journalnotat, resept/e-resept eller medikament-forpakning der namnet til pasienten står.
- Kreftpasientar med aktiv eller nyleg gjennomgått immundempande behandling.
- Desse må førebels ha vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta fordi det må gjerast ei individuell vurdering for å få best effekt av vaksinen og unngå unødvendige biverknader.
- Pasientar som av ansvarleg legespesialist meiner har svært nedsett immunforsvar og som ikkje inngår i ei av gruppene ovanfor. Desse må ha eige vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta.

Personar som skal ha 4. dose kan og ta kontakt på telefon 952 15 572.

Sjølvsregistrering av positive hurtigtestar på nett


Bygland kommune bruker ei digital løysing der innbyggjarar med positiv hurtigtest kan registrere testen sjølv. Løysinga finn du på kommunen si heimeside: bygland.kommune.no menypunktet «Registrere positiv sjølvtest». Den fungerer på pc, nettbrett og mobil

<https://minside.kommune.no/innlogget/smitte-selvregistrering/hjemmetest?kommunennummer=4220>

Har du positiv hurtigtest, kan du logge deg inn med hjelp av BankID og registrere positiv hurtigtest og kontaktinformasjonene dine. Kommunen vil sjå dette, og ta kontakt.

Til deg som har positiv koronatest og du som er nærkontakt

Samme regler gjelder for isolasjon og karantene uansett vaksinasjonsstatus.



* Unntak fra karantene/testregime:
Alle som har vært smittet siste 3 mnd.

Oppdatert: 26. januar 2022

Smittestopp-appen

Smittestopp er en app fra Folkehelseinstituttet (FHI). Den skal bidra til å forhindre at koronaviruset sprer seg i samfunnet, og er helt frivillig å bruke. Appen har 16-års aldersgrense



Pandemien er ikkje over - hald deg heime om du er sjuk!

Vi opplever hurtig aukande smitte og lokale utbrot.



Det er svært viktig at alle held seg heime om de er sjuke og testar seg ved luftvegssymptom.

Når skal du bli heime pga sjukdom?

Symptom på luftvegsinfeksjon kan starte med svake symptom, som til dømes hovudpine og tett nase, eller meir klassiske influensasymptom som feber, hoste, sår hals og nedsett allmenntilstand. Symptoma kan vere teikn på covid-19.

Det er særleg viktig at du held deg heime i det du får dei første teikna på akutt luftvegsinfeksjon. Du er mest smittsam dei første dagane med symptom. Svake symptom kan vere vanskeleg å tolke, men det er tilrådd at du tester deg for SARS-CoV-2 før du eventuelt går på skole/jobb

Om du har nye symptom på luftvegsinfeksjon som feber, hoste sår hals eller nedsett allmenntilstand, bør du halde deg heime

Ungdom og vaksne bør ha ein negativ covid-19-test før dei vender tilbake til skole eller arbeid.

Når skal du halde barna heime frå skole og barnehage?

Forkjøling er den vanlegaste infeksjonen hos barn. Barnet kan gå i barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Det betyr at barn med noko restsymptom etter forkjøling, som rennande nase, snørr eller hoste, kan kome tilbake til barnehagen når barnet ellers er i vanleg form.

Ved hoste utan feber kan barnet i barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Ved langvarig eller kraftig hoste bør barnet bli undersøkt for blant anna kikhoste.

Meir informasjon om viruset, koronavaksine, influensavaksine og RS-viruset finn du på helsenorge.no og fhi.no.

Helse:

Informasjon om Byglandsfjord legekantor **Legekantoret i Byglandsfjord vil vere ope inntil vidare**

Vi har tidlegare meldt om at legekantoret på Byglandsfjord ville stenge 28.1. No er denne skuva noko fram i tid. Vi kjem tilbake med ny dato så snart som mogleg, og beklagar feil dato!



I lokala til Byglandsfjord legekantor vil IKT Agder etterkvart flytte inn. Det vil bli gjort ombyggingar og tilpassingar i lokala fram til dei flytter inn.

Det blir ingen endring på telefonnummeret til legekantoret: **37 93 47 30**.

Plan og Utvikling


Ny innsynsløysing for plandata

Bygland kommune har saman med dei andre kommunane i Setesdal, gått over til ny innsynsløysing for plandata.

Den nye løysinga gir innbyggjarar, næringsliv, fagmyndigheiter og saksbehandlarar enkel og rask tilgang til eit digitalt planregister.

Eit planregister gir innsyn i korleis areala i kommunen blir nytta. Løysinga fungerer godt både på mobil, nettbrett og PC.

- Ei komplett løysing for forvaltning og innsyn i plandata
- Moderne webapplikasjon tilgjengeleg på alle einingar (mobil, nettbrett og PC)
- Enkelt, oversiktleg og brukarvenleg grensesnitt
- Brukaren kan lett søkje seg fram til rett plan
- Detaljinformasjon om kvar enkelt plan blir presentert på ein oversiktleg måte



Bilete: arealplaner.no

- Handterer planar på alle stadier i planprosessen frå forslag til vedtekne planar
- Handterer planar i alle vertikalnivå
- Tydelege meldingar dersom det er forhold ved planen som brukaren må vere spesielt merksam på

Lenke: <http://www.arealplaner.no/>

Drift og Forvaltning

Arrangement Prestneset 2022?

Har nokon planar om, eller ynskjer om å bruke Prestneset til arrangement sommaren 2022?



Området er drifta og forvalta av Bygland kommune. For å få ein oversikt, og god avviking av eventuelle arrangement, så ber me om at aktuelle aktørar henvender seg til kommunen med ein skriftlig søknad om å bruke areala.

Søknaden må innehalde tidsrom for arrangementet, type aktivitet og andre behov som må dekkjast. T d sanitære forhold. Kommunen ynskjer også å ha dialog med arrangørar når det gjeld sikkerheitsplan for arrangementet og eventuelle behov for skjenkeløyve.

Aktuelle linkar kan vere nyttige å lese igjennom:

- <https://www.bygland.kommune.no/store-arrangement-skjema-og-retteleiar.427998.nn.html>
- Skjenkeløyve - einskild høve / ambulerande (KF-112)

For god planlegging ynskjer kommunen søknadane innan utgangen av februar 2022. Dersom fleire arrangement vil vere på same tid, så er utgangspunktet at «første mann til mølla prinsippet» gjeld. Send søknad til Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland eller post@bygland.kommune.no.

Aktuelle kontaktpersonar er beredskapskoordinator Rune Larsson eller tenesteleiar drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg (tlf 379 34 730).

Symjehallen i Bygland

Symjehallen er open **tysdagar** og **fredagar** frå kl. 17.00 – 20.00 fram til påske, stengt i skuleferie.

Grunna Covid 19 må det setjast nokre vilkår:

- Hald deg heime dersom du sjuk, er i karantene eller symptom på covid-19
- Inngangen til symjehallen blir på baksida av skulen slik at badevakta har kontroll på talet personar som deltek.
- Det kan vere maks 20 personar samstundes i anlegget. For at flest mogleg skal kunne sleppe til, så kan kvar og ein bade maks ein time.
- Vis tolmod i inngangs – og utgangsonene, samt i garderobane. Ein må vere førebudd på at det kan bli noko venting for å sleppe inn / ut / forbi folk for å kunne ivareta 1 meters regelen.
- Badstua vil ikkje vere open
- Hald minimum 1 meters avstand til andre enn dei du er i husstand med og følg instruks frå personalet.
- God handhygiene før, under og etter besøket.
- Ikkje løp rundt bassenget – sklifare!

IKKJE LØP RUNDT BASSENGET

SKLIFARE!!!



Kultur

Sceneteknikk kurs for ungdom

Bygland har ei flott kulturscene med godt teknisk utstyr. Dette gjer oss moglegheiter for gode produksjonar og opplevingar, og for å lære alt som har med dette å gjere.

Me vil difor tilby ungdom (påbyrja ungdomsskule og oppetter) kursing i

lyd- og ljosteknikk, rigging, scenearbeid og skodespel. Vel ein eller fleire felt.

Opplæringa er gratis, og vil skje etter nærare avtale i vår. Ein arbeider fram mot ei større framsyning laurdag 7. mai, kor andre òg er involvert.

Målet er at dei som er med etter kvart kan arbeide sjølvstendig som teknikarar og scenekunstnarar, noko som er etterspurd. Dette kan på lengre sikt gje både spennande og betalte oppdrag.

Påmelding:



Lyst til å jobbe med scene, ljus og ljud?

Er dette noko for deg? Møt opp på Kulturscena, da vel, så vil me forklare nærare og legge ein plan for dei som blir med:

Dato: måndag 14. februar kl. 19.30

Kontakt:

Kulturleiar, Bygland kommune: **Anne Fauske** (94510770)

Ljod- og ljosteknikk: **Finn Håkon Borgi** (91 39 08 74)

Kontakt scenearbeid og skodespel: **Olav Grendstad** (90 66 54 59)

Oppvekst

Vinterferie i veke 8, 21. – 25. februar – God ferie!

MAGISK LESEVEKE!

Denne veka har 1. - 4. klasse hatt leseveke med magi som tema. Og magisk har det blitt! Dei har teikna og skrive om magiske monster, hatt om den magiske hatten, spelt magisk teater, laga eigen oppskrift på magisk medisin, lest og blitt lest for. Vi har kosa oss med høgtlesing av Georgs magiske medisin av Roald Dahl kvar dag.

Fredag fekk alle diplom der det stor kor mykje dei har lese denne veka (heime og på skulen). 1. og 2. klasse hadde til saman lese 1161 minutt/ 19,35 timar, 3. klasse hadde lese 1669,5 min/27,8 timar og 4 klasse 1066 min/ 17,7 timar! Det er mange timar med leseglede!



Kim Rysstad konsert

I veke 4 har me hatt konsert med Kim Rysstad i regi av den kulturelle skolesekken. Me høyrde musikk som har henta inspirasjon frå country, bluegrass og popmusikk, men alltid med folkemusikk i botn. Me fekk høyre alt frå folkemusikk til salmar og pop. Elevane fekk både prøve seg på allsong og dramatisering av middelalderballade. Med seg på gitar hadde han sin faste gitarist gjennom åtte år, Knut Ingolf Brenna.



Kim med lyra. Bilete: Åslaug Haugå

Kyrkjene i Bygland

Kyrkjekontoret i Bygland
Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt
Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 06.02. kl. 16.00, Bygland kyrkje
- søndag, 20.02. kl. 11.00, Årdal kyrkje, Grendi
- søndag 27.02. kl. 16.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø



Andakt på Byglandsheimen

- tysdag 08. og 22.02. kl. 14.00, Byglandsheimen

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktiviteter:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)** bl.a. med mykje vinterutstyr, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste og transport til og frå vaksinasjon**
- **Strøsand til eldre** (sjå under)
- **Besøksven** for eldre

Vi gler oss at dei fleste aktivitetane har opna opp att, t.d. tysdagskafé og bygdemiddag!

- **Seniorsenter:** kvar måndag kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord
- **Tysdagskafé:** annakvar tysdag kl. 12.00 – 14.00, Bygland frivilligsentral (**neste 08. og 22.02.**)
- **Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter:** Kvar tysdag kl. 12.00-13.30, ikkje i ferien. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.

- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral **(neste 01. og 15.02.)**
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral **(neste 08. og 22.02.)**
- **Open dag i salen – Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-15.00
- **Kunstnarverkstad:** kvar onsdag kl. 15.00-16.30, Bygland frivilligsentral
- **Styrketrening:** torsdagar kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkekafe:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral **(neste 03. og 17.02.)**

Bygland ungdomsklubb måndag og onsdag, kl. 19.00, Byglandshallen

Brokke tur for ungdom 6-10 Klasse!

Dato: 22. februar

Gjeng du i 6-10 klasse på Bygland eller Byglandsfjord oppvekstsenter? Bli med på tur til Brokke Alpinsenter i vinterferien!

Alt er gratis 😊



BUA
BYGLAND

BUA/Frivilligsentralen inviterer
deg i 6-10 Klasse med til Brokke Alpinsenter.
Dato: 22 Februar (Vinterferien).

Me set opp buss som plukker deg opp frå Byglandsfjord og oppover. Me dekker dagskort, mat og buss.

Meld deg på her:
<https://bygland.frivilligsentral.no/hendelse?brokke-tur-for-ungdom-6-10-klasse>
Du vel www.bygland.frivilligsentral.no, deretter kalender og 22 Februar.
Påmelding innan: 16 Februar.

Dersom du ønskjer å låne utstyr reservert her/kontakt:
www.bua.io/bygland - tlf. 945 02 858

OBS! Telefonen er bemanna av frivillige
måndag – fredag kl 15.30-20 og laurdag kl 10-12

Me vil gjerne ha med nokre voksne. Dykk kan melde dykkar interesse i påmeldingsskjema 😊

Følg oss gjerne her:
 BUA Bygland
 buabygland

Bygland frivilligsentral, Presteneset 20, 4745 Bygland



BROKKE ALPINSENTER



BUA
Opne kamera på mobilen og skann QR-koda. Så enkelt lagar du låneprofil i BUA.

Kunstverkstad Bygland Frivilligsentral

Oppstart 9. februar kl. 15.00 - 16.30,

Eit unikt tilbud til born og unge i frå 4-8 klasse!

Er du glad i å male, teikne eller lage ting?



Kvar onsdag kan du gjere akkurat det på Frivilligsentralen. Me har ein flott frivillig med kunstbakgrunn som vil hjelpe deg med rettleiing og idear.

Frivilligsentralen står for alt utstyr som måling, papir, papirkniv, limpistol mm. Du treng bare å ta med deg gamle arbeidsklær. Det er gratis å delta.

For at Frivilligsentralen skal ha oversikt og kontaktopplysningar til foreldre, må du melde på barnet ditt først gonga.

Strøsand (singel) til eldre!

Frivilligsentralen i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma, har i vinter eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen. I garasjen til heimesjukepleien ved Byglandsheimen står det 12 l murebytter med singel.

Ein kan kome med ei tom tilsvarende bytte, sette den ned og ta med ei full. For å få kontroll over bømtebytta, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive ned namnet sitt. For kontakt må ein ringe **heimesjukepleien tlf.**

95234632 eller **Frivilligsentralen tlf. 94510770.**



Bilete Rådet for eldre og funksjonshemma

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 30:

Bilete: Framside: Byglandsfjord stasjon av Johannes

Hansen. Innhald (m. m. anna er spesifisert): S.

Hegenscheidt, pixabay.com, Bygland kommune, Anne

Fauske, Olav Skeie, BDS, Siri Johannessen, Stoga AS,

Midt-Agder Friluftsråd. Red.notat: S. Hegenscheidt. Kva

skjer: Live Kvaale Haugaa. Takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari

Rygg. Byglandsnytt mars kjem: 01.03., skrivefrist 24.02.



*Minnestein mester-
spelemann Eivind Aakhus*

Tømekalender for Bygland kommune – februar 2022

Matavfall og restavfall: veke 6: torsdag 10.02.

Papir og plast: veke 8: tysdag 22.02.

Matavfall og glass/metall: veke 8: torsdag 24.02.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.02.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (26.02.)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00-14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (12.02.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygland Filmklubb: søndag 6. Februar: Alfred Hitchcock kveld




kl. 17.00

Psycho (1960)

kl. 19.30

Strangers on a Train / Farlig reisefølge (1951)



Bygdekinoen: onsdag 23.02. kl. 17.30 og kl. 19.30

kl. 17.30: *ingen informasjon om film 1 ved redaksjonsslutt 01.02.2022*

kl. 19.30: Marry Me

OMTALE

Superstjernene Kat Valdez (Jennifer Lopez) og Bastian (Maluma) planlegg å gifta seg på direktesendt TV. Fem minutt før Kat skal på scena, finn ho ut at Bastian er utru. I ein spontan augneblink bestemmer ho seg for å gifta seg med ein tilfeldig person i publikum, og landar på den kvardagslege fyren Charlie (Owen Wilson). Ein nyheitssensasjon er skapt, og det nygifte paret må bestemma seg for om dei skal stå i det, forskjellane deira til trass. I Marry Me får vi òg servert heilt ny musikk frå Jennifer Lopez og Maluma.

BILLETTPRIS: 120 kr.

FILMFAKTA

Regi: Kat Coiro. Språk: Engelsk. Produksjonsår: 2022. Skodespelarar: Jennifer Lopez, Owen Wilson, Maluma, Chloe Coleman. Sjanger: Komedi /Romantikk / Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 52min. Ingen aldersgrense.



Ymse

Byglandsfjord barnekoret i 2022

Korøving annankvar måndag kl.17.00

på Fredheim Bedehus på

Byglandsfjord! Neste 14. og 28.02.

Velkomen til nye og gamle medlemmer!



Barnas skileiker

Meld dykk på i dag og møt opp på Brokkestøylen tysdag 08.02. kl. 17.00

- Skileikane til barna er heilt gratis og alle får premiar.

Arrangementet er ope for alle mellom 0 og 12 år som har ski på beina.

- Registrering og utdeling av startvestar frå klokka 17:00.
- Første pulje startar klokka 18:00.
- Arrangementet er ferdig ca. kl. 19.00

Det vil vera ulike distansar på løypene. Ein vel sjølv distanse ut i frå eige evnenivå.

Flaskeinnsamling 9. klasse

Bygland skule måndag 28. februar
kl. 17.00 - heile kommune

9. klasse i Bygland startar neste flaskeinnsamling måndag 28. februar etter skuletid.

Har du tomgods ståande kan du sette det i ein sekk og plassere han lett synleg ved husa. Me takkar alle som hjelper oss på dette viset med å finansiere klasseturen vår. *Helsing 9. klasse i Bygland med føresette*

Bygland Dramatiske Selskab: Ny revy i Bygland

Til hausten skal Bygland Dramatiske Selskab setje opp revy på Kulturscenen att. Tekstane vert sjølvskrivne, men kven som skal skrive dei, og kven som skal stå på scenen og vere med på andre måtar, er ikkje sjølvskrivne. I vår vil det vere økter med skriving og drodling på måndagar. Til hausten vert det øvingar ein gong i veka, og heile siste veka før førestilling. Det vert også ei øvingshelg eller to.

Laget er opne for nye medlemmer, særleg velkomne er dei som kan vere med på å trekke ned snittalderen og utvikle mangfaldet. Eventuell opplæring, avlæring, oppbacking og integrering vert gitt etter behov. Vil du vere med, kontakt: **Guro Kvaale Skibsrud på telefon 91326596**



www.skileiker.no/event/setesdal/



Elim Evje: Kveldsmøte på Vonheim, Bygland

- fredag 04.02. kl. 19.00: Edny og Ole Bjørn Saltnes frå misjonsprosjekt i Latvia taler
- fredag 25.02. kl. 19.00 Gunnar Jeppestøl taler, Karl Torstveit m/vener syng



Stoga: Næringslunsj fredag 4. februar kl. 11.00.

Ein uformell og sosial lunsj for alle som driv med næring, som sjølvstendig, som eigar, administrativt, politisk, eller berre er interessert i å være en del av næringsutviklinga i Bygland kommune. Alle er velkomne, òg folk busett og arbeidande utanfor kommunen.

Påmelding til den fyrste lunsjen gjer du med å betale inn 200,- til Stoga Vipps 696077 innan tysdag 1. februar. Avgrensa tal plassar.

Initiativtakarar og lunsjvener: Olav Skeie, Ragnhild Sordal, Runar Granheim, Beate Simonstad (922 10 609) og Olav Grendstad (90665459). Spørsmål kan du stille til dei to sistnemnde.

Næringslunsj - Bygland

Stoga, Presteneset

Fredag 4. februar kl. 11-12
Fredag 4. mars kl. 11-12
Fredag 1. april kl. 11-12

Ein uformell og sosial lunsj for alle som driv med næring, som sjølvstendig, som eigar, administrativt, politisk, eller berre er interessert i å være en del av næringsutviklinga i Bygland kommune. Alle er velkomne, òg folk busett og arbeidande utanfor kommunen.

Påmelding til den fyrste lunsjen gjer du med å betale inn 200,- til Stoga Vipps 696077 innan tysdag 1. februar. Avgrensa tal plassar.

Introduksjon og lunsjvener: Olav Skeie, Ragnhild Sordal, Runar Granheim, Beate Simonstad (922.10.609) og Olav Grendstad (90665459). Spørsmål om saker kan retast til dei to sistnemnde.

Midt-Agder Friluftsråd: TellTur er

Friluftsråda sin elektroniske postkassetrim

Finn mange flotte turmål og konkurrer med deg sjølv eller med andre om å oppnå flest mogleg poeng eller turmål: www.telltur.no



I appen "Norgeskart Friluftsliv" kan du registrere alle turane dine og samle poeng. Konkurrer med deg sjølv eller med andre om å oppnå flest mogleg poeng eller turmål. **I Bygland har vi 10 turmål som er med i TellTur:** Årdalsknappen, Tjovhola, Utsikten (Landeskogen), Horjeknipen, Flyvraket, Fånefjell, Tangen (mini strandtur), Kvålsåni, Lii og Tjønndalen.

Reko – Setesdal

Ein engasjert gruppe av lokale matleverandørar i dalen har starta opp **REKO ring Setesdal**. REKO ringer organiserer utlevering av lokalmat/kortreist mat utan mellomledd.




Reko - Setesdal

Første utlevering: 17. februar på Hovden og Rysstad. *Følg med gruppa på Facebook.*

Dette er dei nye nasjonale covid-19 - tiltaka

Regjeringa la fram nye nasjonale tiltak i ein pressekonferanse tysdag 01.02.22. Endringane gjeld frå klokka 23.00 tysdag 1. februar



Generelle råd

- Praktiser god hand- og hostehygiene
- Vaksiner deg
- Hald deg heime ved sjukdom
- Test deg for covid-19 ved nye luftvegssymptom

Avstand og sosial kontakt

- Ein tilrår å halde 1 meter avstand til andre enn husstandmedlemmer og tilsvarande nære. Sjå nokre unntak frå denne tilrådinga/kravet under punkta om høgare utdanning og arrangement og samankomster og organiserte idretts- og fritidsaktivitetar
- Tilrådinga om 1 meter avstand gjeld ikkje for barn i barnehage og på barneskole
- Tilråding om avstand gjeld ikkje for vaksne som arbeider med barn, unge og sårbare grupper
- Personar med risiko for alvorleg sjukdomsforløp og uvaksinerte vaksne bør skjerme seg, men ikkje isolere seg. Det er viktig med sosial kontakt
- Personar med risiko for alvorleg sjukdomsforløp og uvaksinerte vaksne bør vere spesielt forsiktige med, eller unngå store forsamlingar og samlingar på serveringsstader der det erfaringsmessig blir vanskeleg å halde avstand og ikkje-naudsynte reiser til område med mykje smitte
- Det er ingen avgrensing i talet på gjester heime
- Det blir tilrådd god ventilasjon/lufting i situasjonar der ein oppheld seg i samme rom over tid med personar som ikkje er husstandsmedlemmer og tilsvarande nære

Munnbind

- Påbod om bruk av munnbind når det ikkje er mogleg å halde minst 1 meter avstand i butikkar, kjøpesenter, serveringsstader, kollektivtransport, taxi og innandørs stasjonsområde. Påbodet gjeld og for tilsette med mindre det er tatt i bruk fysiske barrierer
- Det er ikkje krav til munnbind medan ein sit ved eit bord på serveringsstad eller på arrangement medan ein sit på ein fast tilvist plass

Organiserte idretts- og fritidsaktivitetar

- Organiserte idretts- og fritidsaktivitetar kan gå som normalt både innandørs og utandørs for alle aldersgrupper, med kontakt der det er naudsynt

- Toppidrett kan bli gjennomført som normalt

Barnehagar, skolar og SFO

- Krav om smittevern fagleg forsvarleg drift. For barnehagar, skolar og vaksenopplæring inneber det i praksis eit krav om å drive på grønt tiltaksnivå etter trafikklojosmodellen
- Dei nasjonale tilrådingane om tiltaksnivå i barnehagar, skolar og vaksenopplæring blir oppheva
- Tilråding om jamnleg testing blir avvikla

Høgare utdanning

- Krav om smittevern fagleg forsvarleg drift
- Det blir tilrådd at ein er til stades fysisk ved undervisning. Det blir lagt opp til at studentane får ein normalisert studiekvardag og eit godt studiemiljø så langt det er mogleg innanfor gjeldande tilrådingar
- Tilrådinga om avstand på 1 meter kan fråvikast ved undervisning
- Tilråding om jamnleg testing blir avvikla

Arbeidsliv

- Tilråding om 1 meter avstand
- Arbeidsgjevarar blir tilrådd å sjølv vurdere kor mykje heimekontor som er rett på den enkelte arbeidsplass. I ei slik vurdering kan m.a. vere kor sannsynleg det er for smitte på arbeidsplassen og kor sårbar ein er for eit høgt samtidig sjukefråver bli lagt vekt på
- Ein bør ta omsyn til om ein kan halde avstand
- Tilråding om munnbind dersom det ikkje er mogleg å halde avstand, med mindre det er tatt i bruk fysiske barrierer som bruk av skilleveggar eller liknande
- Heimekontor og munnbind gjeld ikkje for tenester der dette er til hinder for at tilsette kan utføre naudsynte og lovpålagde oppgåver i møte med sårbare grupper og barn og unge

Arrangement og samankomster

- Ingen avgrensing på talet på private samankomster
- Offentlege arrangement
- Ingen avgrensing på tal
- Krav om smittevern fagleg forsvarleg drift
- Krav til arrangør om at arrangøren skal gjere seg kjent med relevante standarder om smittevern og bør følgje desse
- Arrangøren skal sørge for at alle som er til stade ved arrangement skal kunne halde minst 1 meter avstand til andre som ikkje er i same husstand eller er tilsvarande nære. Det blir gjort unntak frå dette kravet når ein sit i faste tilviste plassar. Det gjer det mogleg å fylle alle plassane i ein sal når alle i publikum sit på ein tilvist plass. Arrangøren skal legge til rette for at det er mogleg å halde avstand elles i lokalet eller arrangementsområdet.

Det er og unntak for kravet om å sørge for at alle kan halde 1 meter avstand for nokre grupper, blant anna for utøvarar på kultur- og idrettsarrangement, deltakarar på enkelte kurs og dei som er i samme kohort i barnehage eller barneskole

- Arrangør som planlegg for meir enn 200 i publikum skal utarbeide ein skriftleg plan for korleis eit forsvarleg smittevern skal bli tatt i vare på den staden arrangementet blir gjennomført. Arrangøren bør omtale og grunngi avvik frå smitteverntiltak omtalt i relevant standard om smittevern

Serveringsstader

- Krav om skjenkestopp kl. 23.00 og bordservering blir oppheva
- Serveringsstaden skal sørge for at alle kan halde 1 meter avstand til andre enn husstandsmedlemmer og tilsvarande nære
- Serveringsstader skal ikkje gjennomføre aktivitetar som naturleg inneber mindre avstand mellom gjestene enn 1 meter, til dømes dansing
- Krav om registrering av gjester blir avvikla

Testar, karantene og isolasjon

- Personar som er smitta av koronaviruset skal isolere seg i 4 døgn. Smitta som har symptom må i tillegg ha vore feberfri i minst 24 timar utan bruk av febernedsettande preparat. Dette gjeld alle virusvarianter. Dei nye reglane om lengda på isolasjonstida gjeld og for personar som er i isolasjon når reglane trer i kraft
- Forskriftsfesta karantene blir avvikla også for alle nærkontakter som er husstandsmedlemmer eller tilsvarande nære den smitta
- Husstandsmedlemmer og tilsvarande nære blir tilrådd å teste seg dagleg i fem døgn etter siste nærkontakt med den smitta
- Personar som ikkje kan unngå nærkontakt med den smitta i isolasjonsperioden, bør og teste seg dagleg under isolasjonsperioden, og deretter dagleg i fem døgn etter at isolasjonen er avslutta, til saman ni dagar
- Testen bør bli tatt som sjølvtest, men kan også bli gjennomført som antigen hurtigtest gjennomført av helsepersonell eller PCR-test
- Utover dette blir det tilrådd at kun personar med symptom å teste seg. Øvrige nærkontakter utan symptom blir ikkje tilrådd å teste seg, men bør vere ekstra merksame på symptom
- Barn i grunnskolealder eller yngre blir tilrådd å teste seg kun ved symptom. Dette gjeld og ved smitte i husstanden
- Det blir tilrådd at husstandsmedlemmer og tilsvarande nære av ein stadfesta smitta bruker munnbind innandørs på offentlege stader og unngår store samankomster og arrangement i 10 døgn etter nærkontakten. I tillegg til å følge med på symptom under heile testperioden. Ved symptom bør ein halde seg heime og teste seg
- Råd om jamnleg testing i barnehage, skole og høgare utdanning blir avvikla

- Ved lokalt behov kan kommunar med tilstrekkeleg testkapasitet gjere testar tilgjengeleg på skolar, universitet m.v. Dette for å gjere testar enkelt tilgjengeleg for personar som utvikler symptom

Smittesporing

- Smitta sørger sjølve for å informere sine nærkontakter ved positiv test, men kommunen kan gi bistand ved behov
- Kommunane er bedne om å ta i bruk system for sjølvregistrering av sjølvtestar, der den enkelte kan registrere positiv sjølvtest
- Smitta blir tilrådd å registrere positiv test i appen Smittestopp

Smittevern fagleg forsvarleg drift

- Smittevern forsvarleg drift inneber krav om å sørge for at det er mogleg å halde minst 1 meter avstand til personar som ikkje er i samme husstand eller tilsvarende nære, og at verksemda har utarbeidd rutinar for god hygiene, godt reinhald og lufting
- Krav om smittevern fagleg forsvarleg drift for barnehagar, skolar og annan opplærings- og utdanningsverksemd, inkl. høgare utdanning
- Følgjande øvrige verksemdar skal drivast smittevern fagleg forsvarleg for å kunne halde oppe: Bibliotek, museer, bingo hallar, bowling hallar, svømmehallar, badeland, spaanlegg, hotellbasseng, treningssenter, kjøpesenter, butikkar, varemesser, midlertidige marknader, fornøynesssparkar, leikeland, spelehallar og liknande

Svalbard

- Personar som kan dokumentere at dei er fastbuande på Svalbard og personar som kan dokumentere at dei er fullvaksinerte eller har gjennomgått covid-19, har unntak frå krav om test før avreise til Svalbard
- Alle personar som kjem til Svalbard skal framleis teste seg innan 24 timar etter at dei har kome til Svalbard

Innreise til Noreg

- Alle som reiser inn til Noreg må registrere seg før dei kjem til Noreg, dette gjeld og norske borgarar
- Krav om attest for negativ test tatt før ein kjem inn i landet for personar som ikkje kan dokumentere at dei er fullvaksinerte eller har gjennomgått covid-19
- Krav til test på grensa blir oppheva



KVA SKJER I BYGLAND?

Februar 2022

(med atterhald om endringar)

Arrangement i regi av Bygland
frivilligsentral, sjå s. 14 - 16

| DATO | ARRANGØR OG STAD | TID | ARRANGEMENT |
|---------------|--|------------------|--|
| fredag 04.02. | Næring i Bygland, Stoga | 11.00 | Næringslunsj |
| | Symjebasseng, Bygland skule | 17.00 – 20.00 | Familiebading |
| | Elim Evje, Vonheim | 19.00 | Kveldsmøte |
| sundag 06.02. | Bygland kyrkje | 16.00 | Gudsteneste |
| | Bygland filmklubb, Bygland kulturscene | 17.00 | Alfred Hitchcock: Film: Psycho |
| | | 19.30 | Film: Strangers on a Train |
| tysdag 08.02. | Byglandsheimen | 14.00 | Andakt |
| | Tour of Norway og Bygland IL | 17.00 – 19.00 | Barnas skileiker på Brokkestøylen (sjå s. 18) |
| måndag 14.02 | Byglandsfjord barnekor, Fredheim | 17.00 | Korøving |
| | Bygland kunst&kultur, Bygland kulturscene | 19.30 | Sceneteknikk kurs for Ungdom |
| sundag 20.02. | Årdal kyrkje, Grendi | | Gudsteneste |
| tysdag 22.02. | BUA Bygland, Brokke | | Brokketur 6-10 klasse (sjå s. 15) |
| onsdag 23.02. | Bygdekinoen, Bygland kulturscene | 17.30 | Ingen info ved redaksjonsslutt |
| | | 19.30 | Film: Marry Me |
| fredag 25.02. | Elim Evje, Vonheim | 19.00 | Kveldsmøte |
| sundag 27.02. | Sandnes kyrkje, Åraksbø | 16.00 | Gudsteneste |
| måndag 28.02. | B-fjord barnekor | 17.00 | Korøving på Fredheim bedehus |
| | 9. klasse Bygland skule | kveld | Flaskeinnsamling, heile kommunen |

- **Familiebading:** tysdagar og fredagar kl. 17.00 – 20.00 fram til påske, stengt i skuleferie (sjå s. 12)
- **Bygland Ungdomsklubb:** måndagar og fredagar, kl. 19.00, Byglandshallen
- **Vinterferie:** veke 8, 21. – 27. februar